



STRATEGI FOR FORSKING OG INNOVASJON I HELSE FØRDE 2014 – 2020



INNHALD

Innleiing	2
Visjon for forskning og innovasjon i HF	2
Forskning og innovasjon for ei betre helseteneste.....	2
Regionale og lokale rammer for forskning og innovasjon	3
Strategiske mål og tiltak	5
Mål	5
Tiltak	6

Innleiing

Føremålet med denne strategiplanen er å styrke forskning og innovasjon i Helse Førde (HFD), og å legge eit grunnlag for prioriteringar og tiltak i føretaket.

Strategien gjeld for perioden 2014 – 2020, med første evaluering i 2015.

Visjon for forskning og innovasjon i HFD

Forskning og innovasjon i HFD skal ha høg kvalitet, og bidra til kontinuerleg tenesteutvikling og nytenking.

Gjennom eit aktivt samarbeid investerer vi i praksisnær forskning som kjem folk til gode og som gjer helseføretaket til ein attraktiv arbeidsstad.

Forskning og innovasjon for ei betre helseteneste

Forskning er ei av fire hovudoppgåver for spesialisthelsetenesta, jf. Spesialisthelsetenestelova § 3-8. Strategien for Helse Vest (HELSE VEST), Helse 2020, seier at målet med forskning er å gje pasientane ei behandling kjenneteikna av høg kvalitet, og at satsinga på forskning i HELSE VEST skal styrkast¹.

Trygge og effektive tenester føreset at førebygging, diagnostikk, behandling, oppfølging, pleie og omsorg byggjer på best mogleg forskingsbasert kunnskap². Forskning er viktig for å sikre kvalitet i utdanning og yrkesutøving i helsetenesta, og eit vilkår for kontinuerleg kompetanseutvikling. Innovasjon og forskning bidreg til å legge grunnlaget for ein kunnskapsbasert praksis, betre ressursutnytting og bidrar til næringsutvikling³. Forskning er vidare viktig for kritisk vurdering av metodar, behandlingstilbod og teknologi. Kvalitetsregister og biobankar som grunnlag for forskning er sentralt⁴. Det er avgjerande at forskning og innovasjon vert gjort kjent og teke i bruk. Samhandlingsreforma inneber endra arbeidsfordeling mellom spesialist- og kommunehelsetenesta, og ein ser behov for forskning knytt til utvikling av nye tenester og samarbeidsmåtar⁵.

Det skjer kontinuerleg endringar som påverkar helsetenestene. Dette inkluderer nye sjukdomsutfordringar, demografisk utvikling, teknologisk og medisinsk utvikling¹. Andre endringstrekk som auka vekt på brukarmedverknad,

¹ Helse Vest: Helse 2020. Strategi for helseregionen. http://www.helse-vest.no/omoss/strategier/Documents/Strategi_for_helseregionen_NETT.pdf

² Meld. St. 16 (2011-2012): Nasjonal helse- og omsorgsplan 2011 – 2015.

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/hod/dok/regpubl/stmeld/2010-2011/meld-st-16-20102011.html?id=639794>

³ <http://www.regjeringen.no/nb/dep/hod/tema/Helseforskning.html?id=86961>

⁴ <http://www.regjeringen.no/nb/dep/hod/tema/helseforskning/forskning-i-helseforetakene--organisering.html?id=585593>

⁵ [Samhandlingsreforma](#)

pasienttryggleik og kvalitet, kostnadseffektivitet, gir også behov for utvikling og forbedring. Helsesektoren vert møtt med krav om nytenking og innovasjon. Innovasjon vert definert som «ei ny vare, ei ny teneste, ein ny produksjonsprosess, bruk eller organisasjonsform som er lansert i marknaden eller teken i bruk i produksjonen for å skape økonomiske verdiar⁵.» I helsevesenet kan innovasjon vere verdiar som vert skapt gjennom auka kvalitet, effektivitet, produktivitet og ved å gjere tilsette, pasientar og pårørande meir tilfredse. Tett integrasjon av forskning, innovasjon og kvalitetsarbeid vil bidra til å styrke fagmiljøa og kvaliteten på arbeidet gjennom betra grunnlag for avgjerder.

Ei oversikt over kva helseforskning i føretaka omfattar er definert av Det regionale samarbeidsorganet i Helse Vest (*Samarbeidsorganets forskingsstrategi 2012 – 2015*⁶):

Pasientorientert forskning	Forskning der menneske er direkte involvert i undersøkinga gjennom samhandling med forskaren. Klinisk forskning omfattar også situasjonar der ein undersøker biologisk materiale eller kognitive prosessar frå menneske.
Epidemiologisk forskning	Læra om befolkningshelse, sjukdomsutvikling, årsak og konsekvens, omfang og demografi.
Resultatforskning og helsetenesteforskning	Her ser ein på resultatata av bestemte helsetenestepraksisar og intervensjonar, inkludert effektar hos pasientar, som endring i evne til å fungere, sjukdomsaktivitet og livskvalitet.
Registerforskning	Eit register inneheld mellom anna utvalde, kvantifiserbare indikatorar som kan belyse deler av eller den samla kvaliteten på gitt behandling, ved å dokumentere resultat for ei avgrensa pasientgruppe med utgangspunkt i individuelle behandlingsprosessar.
Translasjonsforskning	Nyttar kunnskap og metodikk frå grunnforskning i utvikling av nye metodar i førebygging, diagnose, behandling, omsorg og rehabilitering. Prosessen går også frå klinikk til basalfag. Translasjonsforskning omfattar vidare overføring av kunnskap frå forskning til klinisk praksis, at ny forskingsbasert kunnskap når ut til pasientar, pårørande og helsestyresmakter.

Regionale og lokale rammer for forskning og innovasjon

Det regionale samarbeidsorganet mellom føretaka i Helse Vest, Universitetet i Bergen og Universitetet i Stavanger forvaltar forskingsmidlar tildelt frå Helse -og omsorgsdepartementet (HOD) og Helse Vest, og delar av desse midlane er sett av til å styrke forskingssvake og forskingssterke område. Samarbeidsorganet har ein felles regional forskingsstrategi innan område av felles interesse for partane. Strategien har innverknad på fordeling av både konkurranseutsette og strategiske midlar i Helse Vest og utforminga av felles infrastruktur og støttefunksjonar i helseregionen.

Dei årleg oppdragsdokumenta HOD til dei regionale helseføretaka inneheld ulike bestillingar innan forskning og innovasjon. Dette er i hovudsak konkretisering av

⁵ <http://www.regjeringen.no/upload/HOD/SHA/495533613-13-201203965-1.pdf>

⁶ <http://www.helse-vest.no/aktuelt/nyheter/Documents/A%20-%20Forskingsstrategi%202012%20-%202015.pdf>

føringar frå nasjonale meldingar og strategiar, og går vidare i styringsdokumenta til det enkelte føretaket. Sentrale punkt er:

- Få opp omfanget av god og relevant forskning
- Meir synleggjering og bruk av forskning og innovasjon
- Styrke nasjonalt og internasjonalt samarbeid
- Meir omfattande bruk av registerforskning
- God forskingsinfrastruktur for multisenterstudium, translasjonsforskning og biobankar
- Utvida brukarinvolvering i forskning
- Tilrettelegging av gode karriereveggar i helseforskning
- Bygge opp om forskingssvake område
- Rapportering av forskning

Helse 2020¹, som er gjeldande strategi for helseregion Vest, peikar på at livsstilssjukdomar, geriatrike utfordringar og pasientar som lever med kroniske sjukdommar er utfordringar som vil bli meir og meir aktuelle, og at brukarperspektivet vil vere viktig å få kunnskap om. Spesielt er rus og psykiatri prioriterte område med særskilt behov for forskning. Helse 2020 slår vidare fast at lokalsjukehusa vil spele ei viktig rolle i vidareutviklinga av trygge og nære helsetenester i Helse Vest. Regionalt samarbeid mellom føretaka og samarbeid med universiteta og høgskulane i regionen er eit viktig verkemiddel for å styrke forskinga i helseføretaka.

HFD skal gjennom forskning og innovasjon særskilt fokusere på samanheng mellom helse og livsstil, og mellom somatiske og psykiske lidingar. Forskinga skal ha fokus på pasient- og praksisnær kunnskapsutvikling. Ein skal sikre breidde av forskning innan førebygging, behandling, og vidare sjå samhengane mellom medisinske, psykiske og sosiale tilhøve. Dette krev utstrakt samarbeid med kommunane.

Lokalt samarbeid

Gjennom *Senter for helseforskning i Sogn og Fjordane* samarbeider HFD og Høgskulen i Sogn og Fjordane om å styrke FoU i helsetenesta i fylket. Senteret skal bidra til å:

- Auke omfanget av helsefagleg forskning og utviklingsarbeid innan breie nasjonalt og regionalt prioriterte fagområde
- Auke omfanget av generell helsetenesteforskning innan nasjonalt og regionalt prioriterte område, men og område som kan vere særskilt forskingsmessig interessante i høve dei demografiske og helsemessige tilhøva i Sogn og Fjordane.
- Gjere samarbeidsinstitusjonane fagleg meir konkurransedyktige nasjonalt og internasjonalt
- Styrke den faglege FoU-aktiviteten på samarbeidsinstitusjonane
- Gjere arbeidsplassar i samarbeidsinstitusjonane fagleg meir attraktive

Samhandlingsbarometeret som infrastruktur

Samhandlingsbarometeret (SHB) er ein nettstad som skal gjere samhandlingsrelatert kunnskap tilgjengeleg for kommune- og spesialisthelsetenesta i Sogn og Fjordane, og styrke grunnlaget for samarbeid mellom kommunane, HFD og HiSF. SHB er tillagt funksjonar gjennom tre delavtalar mellom HFD og kommunane: Delavtale om *Kunnskapsoverføring og informasjonsutveksling*, delavtale om *forskning og utdanning* og delavtale om *samarbeid og førebygging*. Samhandlingsbarometeret skal vere ein portal som samlar alle relevante data og kunnskap for fylket eller region på ein stad. Eit av måla til nettstaden er å identifisere og gjere tilgjengeleg informasjon om helsetilstand og skader/ulukker som kan bidra til målretta folkehelsearbeid. Portalen inneheld data frå spesialisthelsetenesta, kommunal sektor, ulike former for data som direkte omhandlar samhandling, og data frå kartleggingsundersøkingar om barn og unge i fylket. Dette vil vere ei viktig kjelde med tanke på master- og bachelor-oppgåver. Samstundes sikrar ein at problemstillingar frå kommunehelsetenesta og HFD vert trekt fram i lyset gjennom praksisnær forskning og utdanning. Arbeidet kan knytast til Senter for helseforskning, og vil vere ein måte å realisere delavtale om forskning og utdanning mellom kommunane og føretaket på. <https://www.samhandlingsbarometeret.no/>

Utvida samarbeid om forskning med kommunane

Som følgje av Samhandlingsreforma, får kommunane utvida ansvar for å drive forskning. Gjennom *Utviklingscenter for sjukeheimar og heimetenester* er det i gang eit forskings- og utviklingsarbeid knytt til eldremedisin, som involverer alle kommunane i Sogn og Fjordane. Det er inngått avtale mellom kommunane og HFD om forskings- og innovasjonssamarbeid. Dette tilseier at det vil bli behov for å vurdere meir formaliserte samarbeidsstrukturar og nettverk med kommunane framover.

Strategiske mål og tiltak

Mål

Prosessmål:

Forskning og innovasjon skal vere ein integrert og prioritert del av verksemda ved at alle klinikkane i føretaket ha forskings og innovasjonsaktivitetar

Det skal vere breidde og kvalitet i forskinga, ved at det vert utvikla forskingsmiljø som kan hevde seg i regional og nasjonal samanheng, og som er godt kvalifisert til å søke forskingsmidlar frå eksterne finansieringskjelder

Eksternt samarbeid og formaliserte nettverk skal vidareutviklast og inkludere nye samarbeidspartar, som kommunane

Iverksetjing av kunnskapsbasert praksis skal ha høgt fokus

Helse Førde skal ha ei robust og tydeleg organisering av forskning og innovasjon

Effektmål:

Innan 2020 skal:


- 1% av det samla budsjettet til HFD nyttast til forskning⁷
- HFD skal ha ei dobling i eksternfinansiert forskning
- det vere forskning- og utviklings-arbeid i alle avdelingar
- HFD auke talet, og ha aktive PhD- og postdok-kandidatar til ei kvar tid
- det vere auke i vitenskaplege publisering i alle klinikkane
- minst 25 vitenskaplege publikasjonar årleg i HFD
- det ha skjedd ei gradvis auke av publikasjonar i nivå-2-tidsskrift, mot ei dobling i 2020 i høve til 2013
- HFD ha ein kraftig auke i populærvitenskapleg formidling

Tiltak

1. Breiddeforskning og tematiske forskingsgrupper

Det skal vere stor takhøgde for ulike forskningstema i HFD, og det skal leggest til rette for breidde i HFD si forskingsverksemd. Samstundes ønskjer HFD å utvikle strategiske forskingssatsingar som vert organisert som tematiske forskingsgrupper. Forskingstema for gruppene skal vere innanfor rammene fastsett i avtalen om Senter for helseforskning og innan tema der HFD har føresetnader til å oppnå god forskingskvalitet. Gjennom at einskildforskarar vert samla i større grupper og å styrke desse gruppene kan kvaliteten bli høg nok til å nå opp i nasjonal og internasjonal konkurransen om midlar. Gjennom dette kan vi også få fleire robuste forskingsmiljø. Veksten i forskingsmidlar i HFD skal i hovudsak skje gjennom slike tematiske forskingsgrupper, jamfør figuren under.

Figur 1: Breidde og tematiske forskingsgrupper



⁷ St.meld. nr. 20 (2004–2005) *Vilje til forskning*, St.meld. nr. 30 (2008–2009) *Klima for forskning*, Meld. St. 18 (2012–2013), Lange linjer- kunnskap gir muligheter

Frå 2014 vil det vere to strategiske tematiske forskingsgrupper i HFD. Desse er innanfor nasjonale og regionale satsingar og byggjer vidare på miljø som har vist gode kvalitetar gjennom ekstern finansiering:

- *Folkehelse, livsstil og overvekt*
- *Psykisk helse og rus*

Ei tematisk forskingsgruppe vil ha ulike forskingsprosjekt frå ulike avdelingar og fag under ein felles tematisk paraply. Forskingsgruppa skal vere tverrfagleg og relevant for tilsette ved ulike klinikkar. Nye relevante prosjekt og miljø kan i strategiperioden utviklast til nye tematiske forskingsgrupper. Til dømes kan forskning på ulike relaterte livsstilsområde, som t.d. anorexi/undervekt vera ei tverrfagleg bru mellom etablerte satsingar og psykisk og somatisk helse. Høgskulen i Sogn og Fjordane har i tillegg tematiske forskingsgrupper innan samhandlingsforskning og eldreomsorg. Tematiske forskingsgrupper ved HFD og HiSF skal vere opne for aktuelle forskarar ved både HFD og HiSF.

2. Ressursar til forskning

HFD skal ha tilgjengelege forskingsmidlar for open utlysing og til tematiske forskingsgrupper. Det skal også nyttast midlar til forskingsstøtte og infrastruktur. Gjennom auka bruk av interne midlar skal fleire kunne kvalifiserer seg til å nå opp i konkurransen om eksterne forskingsmidlar (jf. Plan for legar i Helse Førde, 2013).

- ▶ Delar av forskingsmidlane skal lysast ut ope i helseføretaket, der utdeling blir gitt på grunnlag av strategiske prioriteringar og kvalitet.
- ▶ Rammer for midlar til og planar for strategiske tematiske forskingsgrupper skal vedtakast i føretaksleiinga. Det vert sett av ressursar til leiing, driftsmidlar og korttidsstipend for nye forskingsprosjekt, med tanke på søknad om eksternfinansiering. Det vil bli utarbeidd retningslinjer for strategiske tematiske forskingsgrupper.
- ▶ Det skal lysast ut stipendmidlar til støtte til masterprosjekt. Masterutdanningar bør synleggjerast i avdelingane sine kompetanseplanar.
- ▶ Det skal arbeidast målretta for å oppnå auke i ekstern finansiering av forskning. Tilsette og miljø som ønskjer å søkje ekstern finansiering skal få tilbod om rettleiing.
- ▶ Det skal utviklast retningslinjer for økonomiske rammer for tilsette som får tildelt forskingsmidlar.

3. Samarbeid

Forskningsverksemda og det einskilde prosjekt skal utviklast i nettverkssamarbeid med lokale, regionale og internasjonale samarbeidspartar.

- ▶ HFD skal ta del i strategisk samarbeid for å fremme forskning og innovasjon. Dette medfører òg regionalt samarbeid mellom føretaka i Helse Vest og nært samarbeid med UiB og andre universitet og høgskular i

regionen, og inkluderer samarbeid om stillingar og bistillingar i kvarandre sine organisasjonar.

- ▶ Senter for helseforskning skal vidareførast som samarbeid mellom HFD og HiSF, og HFD skal halde fram med å vere en aktiv pådrivar i vidareutvikling av Senter for helseforskning. HFD skal bidra til å byggje eit lokalt miljø der organisasjonane får tilgang til kvarandre sin faglige kompetanse og nettverk gjennom samarbeid og delte stillingar.
- ▶ Arbeidet med å inkludere kommunane i Senter for helseforskning skal prioriterast, og samarbeidet med Utviklingscenter for heimetenester og sjukeheimar i Sogn og Fjordane skal vidareførast, jf. Strategi for samhandling i Helse Førde HF, 2013 og avtale med kommunane.
- ▶ Samhandlingsforskning og anna forskning og innovasjon som støttar opp under samhandlingsreforma og verktøyet Samhandlingsbarometeret skal utviklast saman med kommunane og fylkeskommunen.
- ▶ Utarbeide rutinar knytt til forskingssamarbeid, mellom anna med legemiddelindustrien.
- ▶ Det skal leggast til rette for større brukarinvolvering i forskning og innovasjon. Brukar betyr her både pasientar og tilsette.

4. Leing og organisering

Styret i helseføretaket følgjer opp forskings- og innovasjonsstrategien og resultatane. Administrerande direktør har etter lova overordna ansvar for forskingsprosjekt og forskingsbiobankar, og for at forskinga i avdelinga skjer i samsvar med lov og regelverk. FoU-aktiviteten skal vere i samsvar med god etisk praksis. Forsking i HFD skal vere forankra i lina på alle nivå og ansvarlinene skal vere tydelege. Oppfølging og rapportering har ein formell plass i styringslina. Senter for helseforskning har ei rådgjevande rolle i høve til leiinga, og bidreg til å initiere og kvalitetssikre FoU-aktiviteten. Seksjonen er forankra i Fag og utviklingsavdelinga, og organisert saman med Høgskulen i Sogn og Fjordane.

- ▶ Styret får årleg rapportering om FoU-aktiviteten
- ▶ Helse Førde HF skal ha eit forskingsutval som har rådgjevande funksjon, som medverkar til å følgje opp strategi for forskning og innovasjon i HF
- ▶ Senter for helseforskning skal bidra til at Helse Førde HF arbeider innanfor dei strategiske satsingsområda for FoU.
- ▶ Det skal leggast til rette for at forskingsprosjekta i størst mogleg grad vert organisert i grupper framfor individuelle prosjekt
- ▶ Forsking skal inngå i leiaropplæringa
- ▶ Organiseringa av tematiske forskingsgrupper skal klargjerast
- ▶ Det skal vere aktivitetar for å stimulere leiarar til å styrke forskning/innovasjonsaktiviteten i sitt område, t.d. ved temadagar
- ▶ Internkontrollsystemet som skal sikre god og etisk forsvarlig forskning skal evaluerast

5. Stimulering, støtte og infrastruktur for FoU

HFD skal vidareutvikle støttefunksjonar som kan støtte opp med råd, rettleiing, tilrettelegging og ulike former for bistand i alle fasar av forskning, utvikling og innovasjon frå ide til gjennomføring.

- ▶ Senter for helseforskning arrangerer og legg til rette for seminar, kurs og nettverk, rettleiing i høve søknadsutforming og prosjektutvikling og støttefunksjonar som utviklar og styrker FoU-kvaliteten.
- ▶ Informasjon og kunnskapsressursar om regelverk, søknadsprosedyrar, forskningsetikk og personvern skal vere tilgjengeleg for alle tilsette i HFD
- ▶ Det skal leggast til rette for at kontraktfesta studiepermisjonar vert nytta til FoU, til dømes overlegepermisjonar (jf. «Plan for legar», Helse-Førde)
- ▶ HFD skal bidra aktivt i det regionale og nasjonale arbeidet om utvikling av infrastruktur, biobankar og kvalitetsregister, og bidra til å gjere forskingsnytte av slike ressursar.
- ▶ Stab og støttetjenester (økonomi, HR, IKT, bibliotek, arkiv mv) skal støtte opp om FoU-arbeidet
- ▶ Det skal etablerast tenleg infrastruktur i høve laboratoriefasilitetar, laboratorietjenester, biobankar, IKT, mv
- ▶ Senter for helseforskning skal tilby rettleiing til tilsette/miljø som vil søkje ekstern finansiering
- ▶ Det skal drivast aktivt haldningsarbeid for å styrke FoU – kultur og aktivitetar

6. Karriereveggar

Helse Førde skal satse på engasjerte og kompetente medarbeidarar som ønskjer å forske, ved å etablere rammer som gjer det mogleg å vidareutvikle forskinga og utvikle nettverk. Dette gjeld mange ulike yrkesgrupper; legar, psykologar, sjukepleiarar, fysioterapeutar, sosionomar og andre.

- ▶ HFD skal ha forskingskompetanse og legge vekt på dette ved rekruttering
- ▶ Det skal leggast til rette for forskingskarrierar for å stabilisere og utvikle kompetansen
- ▶ HFD skal ha stimuleringsordningar som til dømes stipendordningar og avsett tid til forskning for tilsette med seniorkompetanse
- ▶ Opne forskingsmidlar skal legge til rette for at forskingskompetente kan posisjonere seg til å nå opp i konkurransen om eksterne midlar.
- ▶ HFD skal legge til rette for at tilsette med forskarkompetanse kan kombinerer klinisk verksemd og forskning i stillinga si i helseføretaket
- ▶ Det skal leggast til rette for å nytte delte stillingar og bistillingar mellom HFD og HiSF, UiB eller andre institusjonar aktivt inn i FoU-arbeidet
- ▶ Rettleiing i høve FoU skal kunne vere del av oppgåvene til tilsette
- ▶ Tilsette som tek mastergrad bør på eit tidleg stadium inkludrast i eit etablert forskingsmiljø
- ▶ Det skal leggast til rette for at tilsette med mastergrad kan bidra aktivt for å utvikle den kliniske verksemda, og ser dette som ein attraktiv karriereveg

7. Formidling

FoU-arbeid skal formidlast og synleggjerast til relevante fagmiljø internt og eksternt, og til styresmakter, media og interessegrupper.

- ▶ Føretaket skal stimulere til vitenskapleg publisering på høgt nivå. Publisering i fagfelleurderte vitenskaplege tidsskrift skal honorerast.
- ▶ Presentasjon av vitenskaplege resultat ved nasjonale og internasjonale kongressar skal støttast, anten ved eksterne midlar eller intern støtte til reise og opphald
- ▶ Forskarar skal oppleve at dei blir stimulert til å bidra i det interne fagmiljøet og i den offentlege debatten
- ▶ HFD skal oppmuntre forskarar til å bidra med populærvitenskapleg formidling
- ▶ HFD Førde skal markere Forskingsdagane og nytte desse som ein viktig arena for forskingsformidling.
- ▶ Pågåande prosjekt skal presenterast på HFD sine intra-/internettsider
- ▶ Kommunikasjonsavdelinga skal gje støtte i formidlingsarbeidet
- ▶ HFD skal sikre at publiseringsetikk vert ivareteke og at kreditering skjer i tråd med vedtekne retningsliner i Helse Vest
- ▶ HFD skal presisere gode formidlingstiltak ved ein årleg forskingspris

8. Innovasjon

HFD skal styrke kompetanse og fokus på innovasjon. Siktemålet er å få fram innovative løysingar som kan gje betre nærteneater og auke effektiviteten. Ein vil vidare satse på innovasjon som understøttar samhandlingsreforma, mellom anna ved telemedisin og velferdsteknologi.

- ▶ HFD skal ha kartlegge og få oversyn over kva innovasjonsaktivitetar HFD har, og kva potensiale ein ser
- ▶ HFD skal etablere infrastruktur med låg terskel som fangar opp og støttar gode framlegg frå idéstadiet til gjennomføring
- ▶ Det skal leggast til rette for at både brukarar og tilsette på alle nivå kan fremje innovative løysingar